

Innspel til dimensjonering av elevplassar for skuleåret 2020-2021.

Vg2 køyretøy

Pga. for få elevar ut i frå vg2 «køyretøy» har det dei siste åra vert underskot på søkjarar til: «bilfaget, lette køyretøy», «bilfaget, tunge køyretøy» og «reservedelsfaget». I skrivande stund manglar bilbransjen til saman sju lærlingar til desse faga i Sogn og Fjordane.

Hausten 2018 vart det igjen gjort vedtak om at alle vg2 «køyretøy» klassane skulle ha tolv plassar. Dette gjer at vi frå våren 2020 vil få bra balanse mellom søkjarar og læreplassar til desse faga.

Med dette som bakgrunn så ber vi om at dimensjonering av vg2 «køyretøy» ikkje blir endra i komande periode.

Vg2 bilskade, lakk og karosseri

Elevar som gjekk ut av denne klassen våren 2019 har fått læreplass, likevel har bilbransjen to ledige læreplassar i «bilskadefaget».

Dessverre var det for dårleg søkjargrunnlag til å kunne starte opp vg2 «bilskade, lakk og karosseri» for inneverande år, det blei derfor gjort vedtak om å «pause» tilbodet. Vi innser at vi ikkje har lukkast godt nok i marknadsføringa av linja, og at vi må jobbe betre for å få vist fram desse fine handverksfaga.

Ser vi litt framover, så kjem der eit nytt fag som heiter «billeiefaget», dette faget skal rekruttere i frå vg2 «bilskade, lakk og karosseri». Det er ein aukande etterspørsel etter det som bransjen kallar billeie i heile landet, og lokalt har vi så mange intensjonsavtalar at vi ser behovet for to til fire nye lærlingar kvart år i billeiefaget.

Ser vi samla så vil bransjen trenge til saman seks til åtte nye lærlingar kvart år til «billakkerfaget», «bilskadefaget» og billeiefaget.

Sidan vg2 «bilskade, lakk og karosseri» er på vent i inneverande år, så vil det ikkje vere søkjarar til desse faga våren 2020. Dette betyr at bransjen må finne elevar frå vg1 tip eller vg2 «køyretøy» til å fylle læreplassane til hausten. Dette betyr igjen at det kan bli endå vanskelegare å få fylt opp vg2 «bilskade, lakk og karosseri» til hausten. Her blir det ein kamp om elevane.

Alt dette teke i betraktning, så ber vi om at det blir utlyst ei halv gruppe i «bilskade, lakk og karosseri» for skuleåret 2020-2021.

Vg1 TIP

Vi takkar for at det no er kome på plass vg1 tip Stryn, og ber om at tilbodet blir vidareført for skuleåret 2020-2021.

Vi meiner at dimensjonering av vg1 tip ikkje bør endrast for komande skuleår, men at ein må vere merksam på det som skjer når transportfag skal rekruttere meir i frå vg1 tip.

Vg1 elektrofag

I lys av framtidsutsikter med aukande elektrifisering i heile samfunnet, meiner vi at vg1 «elektrofag», som har kryssløp over i andre programområdet, kan brukast som eit «verktøy» til å marknadsføre fleire av yrkesfaga. Bransjane og opplæringsavdelinga kan med enkle midlar gjere meir for å marknadsføre desse moglegheitene for elevane på vg1 «elektrofag».

Med dette som grunngjeving, så ber vi om å vurdere å auke opp tal plassar på vg1 elektrofag. Vi trur ikkje at denne endringa vil ta elevar i frå dei andre vg1 tilboda på yrkesfag.

Helsing

**Roald
Standnes**

Digitalt signert av Roald
Standnes
Dato: 2019.10.02 10:27:46
+02'00'

Bilbransjens opplæringskontor, Sogn og Fjordane

Sissel Brusegård

Fra: Per Eivind Gurvin <Gurvin@byggmesterservice.no>
Sendt: onsdag 2. oktober 2019 08:33
Til: Sissel Brusegård
Emne: Tilbakemelding på Dimensjonering i forhold til avtale på møte 30.09

He!!

Me hadde vel frist til kl 12.00 i dag.

Det me i byggmestrenes servicekontor ønskjer er at det blir oppretta ein ekstra klasse på vg. 1 bygg og anleggteknikk.

Ellers som nevnt under møte at det er antall søkerer som gir grunnlag for fordeling mellom tømrrar og betong på vg. 2 byggtknikk «kobiklassane» at ikkje det er bestemt på førehand.

Med venleg helsing
Per Eivind Gurvin
901 54 078

Byggmestrenes servicekontor
Sogn og Fjordane
Postboks 233
6801 Førde



Bli Tømrer

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/opplæringsavdelinga

30. september 2019

Opplæringstilbudet 2020 – 2021

Under følger våre innspel til opplæringstilbudet 2020-2021.

1. Vg1 Teknikk og industriellproduksjon

Vi er særns nøgde med at ein fekk etablert ei ny Vg1 TIP-linje i Nordfjord. Dette grepet ser vi som heilt naudsynt for å sikre rekruttering til dei ulike Vg2 løpa innan TIP-området i framtida.

Vi er spente på å sjå resultatet av etableringa, då det i dag er særns utfordrande å skaffe nok lærlingar til industribedriftene våre i høve deira behov for rekruttering.

2. Vg1 Elektrofag


Vi viser til tidlegare innspel om at det bør vere grunnlag for å auke opp med ei gruppe på Vg1 Elektro ved Eid Vidaregåande Skule.

Vi meiner dette fordi:

- Skal ein i framtida få kontinuitet i rekrutteringa inn til dei tre Vg2 kursa elenergi, automasjon og Data og elektronikk vil ein vere avhengige av at fleire elevar kjem inn på Vg1. Desse Vg2 kursa rekrutterer i stor grad frå Vg1 Elektrofag på Nordfjordeid, og dermed vil lågare elevtal på Vg1 ha negative konsekvensar for kursa på Vg2.
- Næringslivet i Nordfjord har over tid vist at ein klarar å få ut elevane i lære, og det blir stadig etablert fleire lære plassar. Dette saman med eit auka behov for arbeidskraft gjere at det er heilt naudsynt å sørge for at næringslivet får rekruttert innan alle dei tre programområda på Vg2. Nøkkelen til dette trur vi ligg i å auke tal plassar på Vg1 Elektro. I år mangla mellom anna våre medlemsbedrifter 6 lærlingar innan Dataelektronikk.

3. Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse

Til tross for at ein har etablert moglegheit for å ta inn elevar ved Eid Vidaregåande Skule i eit Vg4 løp meiner vi dette ikkje er tilstrekkeleg i høve etterspurnaden. Vi meiner at «Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse» er eit studium som ein bør tilby både i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Vårt nabofylke Møre og Romsdal tilbyr dette studiet på mange av skulane, og mange av lærlingar vel å flytte dit for å ta studiet.



Vi håpar at det blir etablert Vg4-linjer i alle dei tre regionane, med siktemål om at dei som ynskjer å ta «Påbygging» får mogelegheita til det i sin region. Det er dumt å «eksportere ungdommane» våre ut, når dei kunne tatt både «Påbygg» og kanskje kombinert dette med deltidsjobb i bedrifta dei tok fagbrevet i.

Med vennleg helsing
for Nordfjord opplæringskontor

sign.
Tom-Øyvind Solheim

Sissel Brusegård

Fra: Jan Erik Øygard <Jan.Erik.Oygard@mef.no>
Sendt: tysdag 1. oktober 2019 23:54
Til: Sissel Brusegård
Kopi: Paul Olaf Baraas
Emne: Dimensjonering Vg1 og Vg2

Hei

Anleggsbransjen har dei seinaste åra hatt ein jamn auke i antall lærlingar. Maskinentreprenørane har auka inntaket på antall lærlingar kvart år sidan eg byrja i 2012. Vi har no passert den magiske grensa på 100 lærekontrakter. OKAB S&F har truleg 115 gåande lærekontrakter ved årsskifte 2019/2020.

Vg2 anleggsteknikk rekruterar frå Vg1 bygg og anlegg, men vi har også kryss løp frå Vg1 TIP. Det er difor viktig at Vg1 BA og Vg1 TIP er på alle skulane i fylket.

Vi ser også eit behov for anleggsgartnarfaget. Vi har bedrifter som tar inn i dag og det er no fleire som vil søkje om godkjenning i faget for å ta inn lærling i anleggsgartnarfaget.

Behovet for lærlingar er stort.

OKAB med sine bedrifter er klar og vil ta imot alle som kvalifiserer seg.

3 1/2 gruppe Vg2 Anleggsteknikk

1/2 gruppe Anleggsgartner

(1 kombi klasse Anleggsteknikk og Anleggsgartner)

Jan Erik Øygard
OKAB Sogn og Fjordane
Mob. 95 46 72 02
jan.erik.oygard@mef.no

Dimensjonering av klassar for Bygg-og anleggsteknikk, skuleåret 2020/21

I Bygg-og anleggsfaga er det stor mangel på arbeidskraft og lærlingar. Dette gjelder i alle våre fag, men spesielt stort innan Betong, tømrrar og røyr, men også innan mindre fag som malerfag og vent og blikk er det mangel på fagarbeidarar. Vi har også fått eit nyare fag innan denne retninga som heiter Byggdriftarfaget og er eit 1+3 læreløp.

Strukturen på Vg1 bygg-og anleggsteknikk bør aukast med ei gruppe i forhold til skuleåret 2019-2020.

Strukturen på vg2 byggtেকnikk og klima , energi og miljø må ligge som dagens struktur.

Sogndal Vg Skule

| | |
|----------------------------|-----------|
| VG1 Bygg-og anleggsteknikk | 4 klassar |
| VG2 Byggfag | 2 klassar |
| VG2 KEM | 1 klasse |
| VG2 Anleggsteknikk | 1 klasse |

Florø Vg Skule

| | |
|----------------------------|-----------|
| VG1 Bygg-og anleggsteknikk | 2 klassar |
| VG2 Byggfag | 1 klasse |
| VG2 KEM | 1 klasse |

Stryn Vg Skule

| | |
|----------------------------|------------|
| VG1 Bygg-og anleggsteknikk | 1,5 klasse |
| VG2 Byggfag | 1 klasse |

Måløy Vg Skule

| | |
|----------------------------|----------|
| VG1 Bygg-og anleggsteknikk | 1 klasse |
| VG2 Byggfag | 1 klasse |

Mo og Øyrane Vg Skule

| | |
|----------------------------|-----------|
| VG1 Bygg-og anleggsteknikk | 5 klassar |
| VG2 Byggfag | 2 klassar |
| VG2 Anleggsteknikk | 2 klassar |

Her er det viktig å ta vare på den store søkninga på Vg1 Bygg-og anleggsteknikk slik at vi dannar eit godt grunnlag for Vg2 til neste år.

Med helsing

Håkon Svoen
Dagleg leiar
Byggopp Sogn & Fjordane

Håkon Svoen

Til Opplæringsavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Leikanger

Førde 02.10.19

INNSPEL OPPLÆRINGSTILBOD 2020-2021

STATUS

Elektrobransjen i Sogn og Fjordane har stort behov for faglært arbeidskraft. Som konsekvens av dette, tek våre lærebedrifter inn relativt mange lærlingar sett i forhold til landet generelt og mot andre fag i eige fylke. Dersom tilgangen til ferdig utdanna fagarbeidarar ikkje betrar seg, vil vi ha behov for om lag same talet lærlingar som vi har hatt dei siste åra. Ein auke er ikkje forsvarleg utifrå kvaliteten på opplæringa i kvar enkelt bedrift. Dårleg tilgang på faglært arbeidskraft både hindrar vekst i bransjen og teoretisk kapasitet på å kunne ta inn fleire lærlingar. Det har dei siste åra vore etablert vg3 tilbod elektro som er lite gunstig. Vi ser at spesielt Sunnfjord regionen har hatt negativ konjunktur i marknaden dei siste to åra. Dette gjer til at bedriftene som før har teke inn forholdsvis mange lærlingar har redusert inntaket noko. Dei same bedriftene melder samstundes at førespurnad på anbod og pristilbod har auka kraftig. Dette tyder på at situasjonen vil endre seg i nær framtid. Situasjonen elles i fylket ser ut til å vere bra stabil med høg aktivitet.

TILBOD 2020-2021

Vg1 Elektrofag:

Tilbodet på vg1 elektro må aukast. Dette fordi ein må ta høgde for avskaling og kryssløp til andre fag. Elektro er eit populært fag, det syner søkjartala frå 2019 då 169 søkte elektrofag på 130 plassar. Slik situasjonen er i dag, er det omlag same tal elevplassar på vg1 som på vg2. Vi får då for spinkelt grunnlag for rekruttering til elektrofaga på vg2. Med ein ekstra klasse på vg1 får vi inn fleire og karakterkrav for å kome inn blir redusert.

I det grønne skiftet er elektrifisering og digitalisering løysinga på dei fleste områder. Det er då viktig at flest mogeleg som søker faget får tilbod, slik at denne interessa ikkje blir redusert. For å dra nytte av høg interesse, må ein marknadsføre breiare dei moglegheitene elevane har i kryssløp. Dette for å auke rekruttering til andre fag som har stort potensiale for å ta inn lærlingar. Eksempelvis til Køyretøy, Industri teknologi og Maritime fag.

Ein vil også fange opp elevar som har studiespesialisering som andreval. Det er eit overordna mål at ein får fleire til å velje yrkesfag, og at eit høgare inntak på elektro vg1 kan vere eit verkemiddel. Det bør takast ned ei klasse i studiespesialisering for å gje rom for ny klasse på elektrofag vg1.

Vg2 Elenergi:

Tilbudet med seks klassar vg2 elenergi meiner vi er riktig dimensjonert. Vi har pr i dag to klassar i Sunnfjord, det bør det og vere i framtida, men dei må vere lokalisert fast på ein plass for å vere føreseieleg både for lærarkrefter, fagmiljø og innsøking.

I spørsmålet om lokalisering av denne klassa må ein ta omsyn til langsiktig behov i næringslivet i området og ikkje søkjarane si adresse som varierer frå år til år. Vi ønskjer stabilitet i tilbudet på skulane.

Automasjon vg2 og vg3:

Tilbudet bør vere som i dag. 2.klassar. Ein må vere merksam på at rekrutteringa til automasjon kan gå på kostnad av rekrutteringsgrunnlaget for Elenergifaget som pr. i dag har langt større potensiale for læreplassar.

Data og Elektronikk vg2 og vg3:

Tilbud bør vere som i dag. Skulane som har vg3 tilbud må ta eit større regionalt ansvar i høve kontakt og rekruttering til næringslivet totalt sett i fylket. (S. og Fj.)



Bjarte Heggheim

Til:
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Opplæringsavdelinga

Måløy 01.10.2019

Opplæringsavdelinga i Sogn og Fjordane
v/ Sissel Brusegård

Vedr. Dimensjonering 2020/21

Maritime Fag:

Med 24 plasser på vg2 maritime fag der en fordeler seg ca 50/50 mener vi at dimensjoneringen er ok. Etter det vi har fått inntrykk av har alle som gikk ut i vår fått seg læreplass i både matros og motormannfaget. Vi merker en viss optimisme i oljenæringene, og Fjord1 tar fortsatt inn ca. 30 nye lærlinger årlig.

Vg1 Naturbruk:

Veldig positivt at det ble økt med 6 plasser på vg1 ved Måløy vidaregåande skule i fjor, slikt at det nå er 18 plasser totalt. Vi mener tiden er inne til å øke med ytterligere 6 plasser slik at det blir **2 klasser på naturbruk** ved Måløy vidaregåande skule. Det har vært en jevn økning i søkertallene vg1 naturbruk og i fjor var det primærsøkere nok til 2 klasser.

Dette begrunner vi med den veksten og optimismen som det er næringen. Vi har for få elever som går ut fra vg2 fiske og fangst og akvakultur. Disse elevene kommen nesten utelukkende fra naturbruk blå linje Måløy vidaregåande skule. Vi henter inn lærlinger fra andre fylker for å dekke næringen sitt behov.

Vg2 Fiske og fangst:

Det er tatt inn 9 på fiske og fangst dette året. Disse vil vi ikke ha noe problem med å formidle. Vi vil nok også neste år måtte hente inn lærlinger fra andre fylker. På sikt bør det bli 1 klasse Fiske og fangst, noe som vil dekke vårt behov.

Vg2 Akvakultur:

Det er tatt inn 10 elever på akvakultur dette året. Disse vil vi ikke ha noe problem med å formidle. Vi vil nok også neste år måtte hente inn lærlinger fra andre fylker. På sikt bør det bli 1 klasse Akvakultur som vil dekke vårt behov.

Med hilsen
OKFH
John Heimvik

Opplæringskontoret for sess og mekanisk industri

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Skuletilbodet 2020 - 2021

Vi meiner det er viktig at det er samsvar mellom antall vg 1 klasser i Teknikk og industriell produksjon – TIP og det antall vg 2 løp det skal rekrutterast til.

Det vert rekruttert til fleire andre vg 2 løp frå Teknikk og industriell produksjon – TIP , vg 2 industriteknologi, og som td bil, logistikk, anlegg og bergfag m fl. Det er difor viktig at det vert teke omsyn til og at antall vg 1 klassar TIP vert auka.

VG 2 industriteknologi er det vg løpet som rekrutterer til flest yrker, nærare 60 ulike fagbrev kan ein ta med utgangspunkt i vg 2 industriteknologi.

For å få samsvar mellom industrien sitt behov for rekruttering til kjemi prosess meiner vi det er nødvendig at fylkeskommunen lyttar til næringslivet sitt behov og starter prosessen med å få på plass ein vg 2 klasse årleg i kjemi prosess ved Mo og Jølster eller Flora vgs. i tillegg til klassen ved Årdal vgs. Kvart år rekrutterer vi læringar frå Hordaland og Rogaland i kjemi prosessfaget, likevel har vi underdekning.

Tilbod om Vidaregåande utdanning bør samsvaret med behov for fagarbeidarar i arbeidslivet på kort og lang sikt . Det blir etter vårt syn feil å ta ned antall studie plasser med bakgrunn i at ikkje alle får læreplass. For å ha rett til læreplass må ein ha kvalifisert seg på vg 1 og vg 2 - minimum bestått i alle fag.

Det er positivt at det er auke i søker tall til teknikk og industriell produksjon – TIP og ein liten auke i søker tall til vg 2 industriteknologi, likevel er det mindre enn behovet som næringslivet har, pr dato har vi behov for 60-70 lærlingar i dei ulike faga som rekrutterer frå vg 2 industriteknologi. Pr.dato har vi framleis ledige læreplasser både i kjemiprosess og ulike fag som rekrutterer frå vg 2 industriteknologi.

Sjølv om vi ser fylket samla må vi sei at det er krevjande at det ikkje er tilbod om vg 2 industriteknologi ved Sogndal vgs., vi har utfordring med å klare å skaffe lærlingar til industrien i f eks Vik, Luster og Sogndal.

Vårt behov er at alle plasser på vg 1 TIP og vg 2 industriteknologi vert opprettheldt, og at det med bakgrunn i industrien sitt behov vert oppretta ein klasse vg 2 industriteknologi ved Songdal vgs i tillegg.

Førde 02.10.2019

Med venleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar





Opplæringskontoret

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Skuletilbodet 2020 til 2021

Lokal Handelsnæringa vert utfordra av netthandel, og kravet til proffesjonalisering av sal av alle varer og tenester er aukande.

Statistikk viser at det er eit auka behov for påfyll av fagfolk i kontor og administrasjon

Faga er undervurdert og næringane må ta sin del av skylda for at ein er «bakpå» med rekruttering. Handelfag har låg status og dermed låge søkjar tall.

Det er viktig at vg 1 sal servise og samferdsle er eit tilbod der handel er ei viktig næring, det same gjeld sjølvsgt vg 2 sal servise og sikkerhet.

Det vert sett inn tiltak for å auke rekruttering til sals fag og kontor administrasjons fag. Det er viktig at tilbodet er søkbart i heile fylket, vi ser at det er eit stort behov i handlesnæringa i Sunnfjord og Florø, der det framleis er ledige læreplasser pr dags dato.

Førde 02.10.2019

Med venleg helsing


Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar



Opplæringskontoret

www.pro.sf.no



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

Dimensjonering av skuletilbodet for skuleåret 2019 - 2020

For å kunne utføre det persontransporttilbodet, som det er behov for i Sogn og Fjordane dei neste fem åra, vil det vere behov for 30 – 40 nye sjåførar/lærlingar Pr år.

På lengre sikt vil dette behovet vere betydeleg større. I same periode vil lastebilnæringa likeeins ha behov for omlag det same tal nye sjåførar/lærlingar.

Skal ein ha eit opplæringstilbod for dette faget så er ein nøydd til å vidareføre med tre Vg 2 klassar innan Transport og Logistikk i Sogn og Fjordane. Tilboda bør leggest til Førde, Sogndal og Stryn. Næringa har eit stort behov for lærlingar og tek i mot alle som kvalifiserer seg. Transportutdanninga sin vidare eksistens vil såleis ha stor betyding. Dette gjeld ikkje berre for transportnæringa, men også for heile fylket.

Det er samstundes og viktig at det er nok dimensjonering av VG1 klassar, derfor er det viktig og med dimensjoneringa av VG1 TIP står i forhold til VG2 og då spesielt dei VG2 løpa som formidlar alle elevane til bedrift.

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det også slik at dersom vi ikkje har ei godt utdanningstilbod innan transportfag i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekkja sine nødvendige behov.


På sikt vil det vere med og gjere fylket mindre konkurransedyktig som bu og arbeidsområde. I tillegg vil ei viktig næring kunne få store driftsvanskar då tilgang til sjåførar er avgjerande for drifta.

Det er svært viktig for næringa at det vert ro kring kva tilbod som vert lyst ut.

Skal ein i Sogn og Fjordane satse på ei levedyktig transportnæring også i framtida, så må ein behalde dagens utdanningstilbod med tre VG2 klassar og helst utvide til 4 klassar. **Det er og viktig å få fram at alle som kvalifiserer seg får læreplass innan Transport og Logistikk**

Førde, 02.10.2019

Med helsing



Rune Apneseth
-dagleg lærar-



SOGN OPPLÆRINGSKONTOR

Vår dato
30.09.2019

Vår referanse

Vår sakshandsamar
Anne Kauppi

Dykkar dato

Dykkar referanse

Opplæringstilbudet 2019 – 2020, og konsekvensar av ny yrkesfagleg struktur.

Under følgjer våre innspel til opplæringstilbudet 2020-2021.

1. Vg1 Teknikk og industriell produksjon

På bakgrunn av at også Vg2 Transport og logistikk skal rekruttere frå Vg1 TIP i ny yrkesfagleg struktur, ser vi det som heilt naudsynt å auke tal grupper/klassar på Vg1 TIP i Sogn. Det er allereie for få elevar som vel VG2 Industriteknologi og VG2 Kjemiprosess, og dette vil eskalere ytterlegare i tida som kjem når det framover blir endå fleire Vg2 tilbud som konkurrerer om elevane frå Vg1 TIP.

Dette året kunne SOK sine lærebedrifter ha teke inn langt fleire lærlingar frå VG2 Industriteknologi (industrimekanikar, produksjonsteknikk, platearbeider, CNC-maskineringsfaget og grafisk produksjonsteknikk) og VG2 Kjemiprosess.

I den grad lærlingordninga er meint som ei ordning som skal sikre framtidig rekruttering til bedriftene, så er ikkje denne utviklinga heldig. Slik tilfanget på lærlingar er i dag vil det på sikt gi endå større utfordringar for bedriftene våre å rekruttere arbeidskraft lokalt.

Våre medlemsbedrifter innan TIP-området: Hydro Årdal, Norsun, Impec, HMR Hydec, Bilfinger avd Årdal, Lerum, Hydro Energi, ECO-Energi og Avery Dennison NTP vil i tida framover ha behov for mellom 10 og 15 lærlingar årleg frå Vg2 Industriteknologi, og 10-12 lærlingar årleg frå Vg2 Kjemiprosess og laboratoriefag.

I tillegg kjem bedrifter i Sogn som anten er knytt til andre opplæringskontor eller er frittstående lærebedrifter. Vi er i stort underskot på elevar i høve tal læreplassar!

2. Andre yrkesfaglege utdanningsprogram

SOK sine medlemsbedrifter får stort sett den lærlingerekutteringa dei treng frå dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma.

For å oppretthalde dette, treng me at fleire vel yrkesfag når dei startar på vidaregåande utdanning. Difor bør fylkeskommunen saman med opplæringskontora og bedriftene auke innsatsen på informasjon om yrkesfag og alle moglegheitene til elevar og føresette i ungdomsskulen.

Med venleg helsing

Anne Kauppi (s)
Dagleg leiar
Telefon: +47 911 20 643 | E-post: anne@sognok.no

Postadresse
Sogn Opplæringskontor
Postboks 213
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Farnesvegen 32, Øvre Årdal
Epost: anne@sognok.no

Telefon
911 20 643
Web
www.sognok.no

Foretaksregisteret
997 023 234